



# Alver kommune



## 2023/2024

### Årsplan, Marihøna barnehage

---



# Innhold

1.0 Innleiing .....	3
2.0 Barnehagen si innleiing .....	3
3.0 Verdigrunnlaget.....	0
3.1 Barn og barndom.....	1
3.2 Demokrati.....	1
3.3 Mangfold og gjensidig respekt .....	2
3.4 Likestilling og likeverd .....	2
3.5 Berekraftig utvikling .....	3
3.6 Livsmeistring og helse .....	4
4.0 Barnehagen sitt formål og innhald.....	4
4.1 Omsorg .....	4
4.2 Leik.....	5
4.3 Danning .....	5
4.4 Læring .....	6
4.5 Vennskap og fellesskap .....	6
4.6 Samiske barn/ fokus på samisk kultur.....	7
5.0 Barn si medverknad.....	7
6.0 Samarbeid barnehage- heim .....	8
6.1 Foreldreråd og Samarbeidsutval .....	9
7.0 Overgangar .....	9
8.0 Barnehagen som pedagogisk verksemd.....	10
8.1 Planlegging og vurdering.....	10
8.2 Dokumentasjon .....	11
8.3 Barnehagen sin digitale praksis .....	11
9.0 Barnehagens fagområde .....	12
9.1. Satsingsområde 2023/2024 .....	12
Felles satsingar for kommunen .....	12
Barnehagen sine eigne satsingsområde.....	13
Personalet sitt utviklingsarbeid – organisasjonsutvikling .....	14
Språk.....	14
9.2 Kommunikasjon, språk og tekst .....	15

9.3 Kropp, rørsle, mat og helse .....	17
9.4 Kunst, kultur og kreativitet.....	18
9.5 Natur, miljø og teknologi.....	19
9.6 Mengd, rom og form .....	20
9.7 Etikk, religion og filosofi .....	21
9.8 Nærmiljø og samfunn.....	22
11.0 Progresjonsplan.....	23
12.0 Årshjul for barnehagen.....	27

## 1.0 Innleiing

Det er Kunnskapsdepartementet som fastset **Rammeplanen for barnehagar**. Det ble vedteke ny *Rammeplan for barnehagar*, 24. april 2017. Marihøna barnehage jobbar ut frå denne forskrifa, som er heimla i **Lov om barnehagar**, frå 17. juni 2005.

### Årsplanen skal:

- vere ein plan for den pedagogiske verksemda
- vere eit arbeidsreiskap for dei tilsette
- vere eit informasjonsdokument for foreldre, barnehagens eigar, samarbeidsutvalet og andre

Denne årsplanen er laga av styrar, i samarbeid med pedagogiske leiarar og det andre personalet. Planen er til slutt godkjend av Samarbeidsutvalet i barnehagen.

## 2.0 Barnehagen si innleiing

**Marihøna barnehage** er ein kommunal barnehage som ligg sentralt på Frekhaug.

Barnehagen har to avdelingar: GUL med barn i alderen 0-3 år og RØD med barn i alderen 3-6 år. Barnehagen vart bygd i 1987 og utvida i 1998. I tillegg til barnehagen sitt eige uteområde, nyttar vi fjell, skog og mark, som er å finne i barnehagen sitt nærmiljø.

### Opningstid: 07.00-17.00

#### Gul avdeling – 11 barn

Pedagogisk leiar: Mariell S. Hellestvedt

Barnehagelærar: Jan Tore Skråmestø

Fagarbeidar: Nina B. Solberg

Barnehageassistent: Therese Hammersland

Lærling: Tonje Norevik

Lærling: Lill Gjesdal Røen



#### Rød avdeling – 20 barn

Pedagogisk leiar: Cecilie Hopland

Pedagogisk leiar: Liv Marit Fløysand

Fagarbeidar: Cathrine Augustson

Barnehageassistent: Ionela Rosu

Lærling: Andrea Sjursen Lien



## 3.0 Verdigrunnlaget

Våre kjerneverdiar:



**For oss i Marihøna barnehage betyr dette:**

**Likeverd og respekt** peikar på ulike kvalitetar ved barnehagekvardagen, som at barna skal bli inkludert, og oppleve likeverd og toleranse. Med dette meiner vi mellom anna at barna skal lære å vise omsyn til kvarandre, men også at dei skal bli oppfordra til å ta val, basert på eigne ynskjer og behov. Barns medverknad står her sentralt. Vi praktiserer ein *lyttande pedagogikk*. Dette handlar om å gi seg tid til å lytte til barna og forstå intensjonar og handlingar. Dette krev vaksne som samhandlar med barna, med utgangspunkt i det enkelte barnet sine interesser, behov og føresetnadar. Dei vaksne er aktivt lyttande, reflekterande og sensitive for barnas innspel.

**Glede og humor** handlar om barnet sin måte å vera i verda på. Humor skapar livsglede og aukar barnet sitt sjølvbilde. I Marihøna barnehage gler vi oss saman med barna, over små og store ting i kvardagen.

Med **nærleik og varme** meiner vi mellom anna at alle barn, gjennom nære og positive relasjonar skal få oppleve tryggleik, omsorg og hjelp til kjensleregulering. Positiv merksemrd og dei vaksne si lyttande haldning stimulerer til god sjølvkjensle og eit godt sjølvbilde. Vi ønskjer å skape eit miljø der barna lærar å vise nærleik og varme ovanfor kvarandre.

Marihøna barnehage tilbyr eit varmt og inkluderande fellesskap, der alle barna opplever å bli sett, lytta til og anerkjend.

**MARIHØNA BARNEHAGE – MED DITT BARN I FOKUS!**

### **3.1 Barn og barndom**

**«Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får ei god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt. Barnehagen er òg ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet og bidreg til å leggje grunnlaget for eit godt liv.»** (Rammeplan for barnehagen, 2017)

**Alle handlingar og avgjerder som gjeld barnet, skal ha barnets beste som grunnleggjande omsyn, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1. Det er eit overordna prinsipp som gjeld for all barnehageverksemد.»** (Rammeplan for barnehagen, s. 8.)

I Marihøna Barnehage vil vi møte kvart barn på ein anerkjennande måte ved hjelp av ICDP (INTERNATIONAL CHILD DEVELOPMENT PROGRAMME NORGE) for å skapa tryggleik og trivsel. Vi vil gje rom for at barna har ulike erfaringar og forutsetningar heimanfrå. Alle barn må få oppleve kjensla av å vere verdifull, ha tru på seg sjølv og eigne evner og å høyre til i fellesskapet på avdelinga.

Å få delta i leik er grunnleggande for at barn skal trivast. Leiken er viktig for å skapa vennskap og for å delta i fellesskapet. Kvar dag skal den frie leiken få tid og rom til å blomstre i vår barnehage. Dei vaksne skal vere deltakande i leiken som støtte og ved å rettleie, setje ord på og forklare, slik at alle barn får ta del i leiken, både inne og ute, og oppleve meistring i den.

### **3.2 Demokrati**

**«Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrd og delta. Alle barn skal kunne få oppleve demokratisk deltaking ved å bidra og medverke til innhaldet i barnehagen, uavhengig av kommunikasjonsevner og språklege ferdigheter.»** (Rammeplan for barnehagen s. 9)

I Marihøna barnehage betyr dette at vi skal vera lyttande vaksne som sørger for at alle barn får ytra si mening i fellesskapet, vi nyttar teikn og bilete som ei støtte til talespråket. Vi ønsker å fremme eit demokratisk tankesett der alle skal få sei si mening etter evne, alder og utvikling. Alle skal lære å respektere kvarandre sine meiningar, ulikskap og likskap.

Dette gjer vi ved at dei vaksne går opent og spørjande inn i konfliktar og lar alle partar kome med si side av saka. Vi oppmuntrar til at fleire skal vere med å bestemme i leiken, slik at fleire stemmer vert høyrd. Barna skal få støtte på å balansera mellom å setje eigne behov og ønskjer først og det som er best for andre og fellesskapet. Dei skal få ta initiativ, men også å tåla andre sine initiativ, og måtte forhandle. Personalet skal vera bevisst på å leggje til rette for at leik og innreiing av rom verkar inn på korleis borna kan påverka kva som kan skje, og korleis det opnar for eller hemmar kreativ leik. Aktivitetar må kunna utviklast på initiativ frå barna sjølv.

### **3.3 Mangfald og gjensidig respekt**

**«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap.»** (Rammeplan for barnehagen s. 9).

I Marihøna barnehage vil vi formidle grunnleggjande verdiar som respekt, likeverd og nestekjærleik. Vi ønskjer å synleggjere at alle er unike og verdifulle på kvar vår måte og at vi kan lære av kvarandre. Både barn og vaksne skal kjenne seg stolt over eigen identitet og opphav. Personalet skal ivareta språkleg og kulturelt mangfald, og sjå på dette som ei styrke i seg sjølv. Barnehagen skal bruke mangfaldet som ressurs i det pedagogiske arbeidet og støtte, styrka og følgje opp barna ut i frå deira eigne kulturelle og individuelle føresetnader. Vi vil anerkjenne ulikskap og skilnadar, og ha eit syn på dette som naturleg og verdifullt for alle.

### **3.4 Likestilling og likeverd**

**«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motvirka alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.»** (Rammeplan for barnehagen, s. 10)

I Marihøna barnehage vil vi gjennom arbeid med likestilling og likeverd bidra til å førebygga diskriminering. Personalet skal vera gode rollemodellar og utøva ein praksis og eit språk som er bevisst likeverd og likestilling.

Vi vil bruka leiken som arena der barna fritt kan utfolda seg og bygga relasjonar på tvers av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn.

Samtale kan brukast som arena for refleksjon om kva som er likt og kva som er ulikt. Då kan vi skapa grunnlag for å oppdaga at vi er både ulike og ganske like på same tid. Det kan vera eit godt utgangspunkt for å skapa anerkjenning og forståing for kvarandre.

Gjennom bøker og film vil vi presenterer barn og familiar som har ulike måtar å leve på. Vi ønskjer å gi barna ein byrjande forståing av at vi kan leve på ulike måtar og at dette skal bidra til å motverke diskriminering.

### **3.5 Berekraftig utvikling**

**«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn.»** (Rammeplan for barnehagen, s. 10)

Berekraftig utvikling omfattar natur og samfunnet rundt oss. For oss betyr dette at dei vaksne er gode rollemodellar, møter barnas nysgjerrigkeit og deler sin kunnskap med barna og kvarandre. Gjennom ulike opplegg og samlingar ønskjer vi at barna skal få erfare og utforske kva som finst i naturen og samfunnet rundt oss, og få kjennskap til at alt har ein funksjon og verdi. Vi ønsker at barna skal få kjenne på glede og meistring i møte med naturen.

I Marihøna barnehage sortera vi avfall, kompostera matavfallet, plukkar boss og dyrkar eigne grønsaker i kjøkkenhagen. Kvar vår klekker vi ut kyllingar og lar barna følgje livet i den digitale fuglekassa vår.

Berekraftig utvikling omfattar også økonomi. For oss betyr dette at vi prøver å bygge opp gode haldningar hos barna når det gjelder det å ta vare på utstyr og leikar, i tillegg til å være kritisk til forbruk av både tørkepapir og teiknepapir. Fokuset blir at papir kjem frå trea, og at vi må prøve å spare på forbruket av papir, og dermed spare trea slik at fuglane kan bygge reir der. Det handlar om at vi utnyttar teiknearket, og nyttar berre eit tørkepapir for å tørke hendene etter handvask. Mottoet er: «Eitt papir er nok».

Berekraftig er også å utvikle sosiale forhold. Det å ta vare på oss sjølv og kvarandre. For oss handlar dette om å vere sensitive for enkeltbarna sine innspel og signal, verbalt eller gjennom åtferd. Gjennom Barnesamtalar, som eit førebyggjande verktøy, vil vi unngå at vi misforstår barnets åtferd og sikre at vi møter barnet utifrå deira forutsetningar og behov.

Frå barna startar i barnehagen er dei igjennom ulike metodiske opplegg som "Steg for steg", «Hele meg» og "Barnehagepakka til Stine Sofie stiftelsen". På denne måten får barnegruppene reflektert rundt viktige tema utifrå sine forutsetningar. Opplegga tar for seg ulike tema som handlar om hud og celler, musklar og skjelett, hjarte, lunger og blodomløp, hjernen og nervesystemet, fordøyelsen, sansane våre, grensesetting, korleis kroppen blir til, følelsar og identitet.

### **3.6 Livsmeistring og helse**

**«Barnehagen skal ha ei helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen.»**

(Rammeplan for barnehagen, s. 11)

I Marihøna barnehage betyr det at vi skal leggje til rette for at barna skal oppleve tryggleik, trivsel og meistring. Barnehagen deltek på Alver kommune si satsing; Inkluderande barnehagemiljø. Barna skal gjennom denne satsinga sikrast eit trygt og inkluderande leike – og læringsmiljø. Det at barna er trygge og er ein del av eit fellesskap, er avgjerande for livsmeistring og god helse også seinare i livet.

Vi ønskjer at barnehagen skal ha ein førebyggjande funksjon ved å la barna bli kjent med kroppen sin gjennom prosjektarbeidet «Hele meg». Barna skal få erfaring med korleis kroppen fungera, oppmuntrast til fysisk aktivitet og kvile, samt å smake på ny mat som kan skape sunne og varierte matvanar. I tillegg til å lære om den fysiske kroppen vil barna få kjennskap til ulike følelsar, korleis dei kan kome til uttrykk og korleis barna kan handtera og regulera eigne følelsar. Personalet ynskjer å anerkjenne barna for dei følelsane dei har og at ingen følelsar er feil. Barnehagen skal vere ein trygg arena der barna kan tørre å utforske, utfalde seg og medverke i fellesskapet.

Målet vårt er å hjelpe barna til å bli robuste både til å stå ved eigne meningar og til å kunne seie nei. Å vere robust betyr å ha motstandskraft, kunne halde ut, sei ifrå og gjere motstand, men det betyr også å høyre på eigne følelsar og tolke å stå i det, om ein ikkje får viljen sin igjennom.

### **4.0 Barnehagen sitt formål og innhold**

**«Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskarkrond. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.»** (Rammeplan for barnehagen, s. 19)

#### **4.1 Omsorg**

**«Omsorg er ein føresetnad for trivsel og tryggleik og for utvikling av empati og nestekjærleik... I barnehagen skal alle barn oppleve at dei vert sett, forstått og respekterte, og få den hjelp og støtte dei har behov for.»** (Rammeplan for barnehagen, s. 19)

Omsorg er ein av dei viktigaste elementa som må være på plass for å skape ein trygg barnehagekvardag. I Marihøna barnehage vil vi sikre god omsorg igjennom trygge, opne, respekt- og omsorgsfulle vaksne. Dei vaksne skal jobbe aktivt for å skape eit miljø med god omsorg og tryggleik for barna. Når eit barn oppleve at andre har omsorg for dei, vil dei føle tryggleik. Tryggleik skaper igjen trivsel, læring og meistring som gjer barna rusta til alt som skjer i barnehagen.

Vi i Marihøna barnehage jobbar bevisst for å skape sensitive, trygge og omsorgsfulle vaksne ved å jobbe målbevisst med ulike verktøy som ICDP, COS og Barnehagepakka til Stine Sofie stiftelsen.

## 4.2 Leik

**«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Leiken er ein sentral arena for utvikling og læring... Barnehagen skal inspirere til og gje rom for, ulike typar leik, både ute og inne.»** (Rammeplan for barnehage, s. 20)

I Marihøna barnehage er vi opptatt av leikens verdi og plass i kvarldagen. Alle barn har rett til å få leike både på stor og liten avdeling. Leiken er ein magisk plass kor barnet kan få utvikle språk, sosialkompetanse og vennskap. Dette gjer at leiken har ein eigenverdi og er barnas største læringsarena.

Vi i Marihøna barnehage er oppteke av å skape gode leikemiljø både ute og inne som innbyr til leik. Vi vil sikre leikens kvalitet ved å aktivt dele barnegruppene inn i mindre grupper, og verne om leiken slik at barna får tid til å skape den gode leiken saman. Vi er oppteken av at dei vaksne har eit bevisst forhold til leiken og leikens verdi. Dei vaksne skal delta i leik saman med barna for å vera barns støtte, rettleiar og rollemodell, og vera bevisst på å ikkje forstyrra eller avbryta gode leikesituasjonar. Dette for å sikre at alle barna utviklar god leikekompetanse, og er ein del av fellesskapet som vert skapt i barnehagen kvar dag.

## 4.3 Danning

**«Barnehagen skal oppmuntre barna til å vera prøvande og nysgjerrige på omverda... Barnehagane skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen.»** (Rammeplan for barnehagen, s.21)

I Marihøna Barnehage ønskjer vi å støtte barn til å vere utforskande og nysgjerrig på verda rundt seg. Vi vil hjelpe dei til å bli trygg på seg sjølv og ta modige og reflekerte val for seg

sjølv og andre. Barna skal utvikla seg og modnast til å bli den beste utgåva av seg sjølv. Personalet skal i samarbeid med heimen, vera ein god samtale- og samhandlingspartner, rettleiar og medmenneske på barna sin veg mot å finna sin identitet.

#### **4.4 Læring**

**«I barnehagen skal barna få oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagane skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre sin læring.»** (Rammeplan for barnehagen, s. 22)

Læring skjer i samspel mellom menneske, og tryggleik er ein føresetnad for læring. Det er derfor viktig å legge til rette for trygge og varierte læringssituasjonar i løpet av barnehagekvardagen.

I Marihøna Barnehage vil vi setje av tid og rom for læring gjennom leik som er barnas største læringsarena. Vi ønskjer å skape trygge rammer for leikande læring ved å være nært til stades, og å være aktive vaksne som kan undre seg saman med barna og dele av eigen kunnskap. Barn som ikkje sjølv oppsøkjer læringssituasjonar skal møte vaksne som engasjerer seg, og sørger for eit inkluderande læringsfellesskap.

#### **4.5 Vennskap og fellesskap**

**«Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Vidare skildrar ein konkret korleis barnehagen jobbar med denne verdien.»** (Rammeplan for barnehagen, s. 22)

Alle barn ska ha ein meiningsfylt kvardag, oppleve vennskap og vera med i barnehagen si fellesskap. Dei vaksne skal legge til rette for relasjonsbygging, og skal støtte og rettleie barna i samspelet. Barna skal oppleve meistring, sett ut frå eige alders- og utviklingsnivå. Likskap og ulikskap skal gi rom for undring og forskartrong, og ulike kulturar og individuelle eigenskapar skal gjevast plass i barnehagen.

Vi i Marihøna barnehage jobbar aktivt med sosial kompetanse som legg grunnlaget for eit godt samspel og relasjonar. Gjennom barnehageåret har vi fokus på vennskap med planlagde samlingar og aktivitetar som fremmer sosial kompetanse. Noko av det vi har fokus på er:

Korleis tek vi vare på, og omsyn til kvarandre?

- Korleis oppmuntre, vise at ein bryr seg, vise omsorg og dele
- Korleis tolke og forstå egne og andre sine kjensleuttrykk, og respektere eigne og andre sine grenser
- Utvikle positive haldningar, syn og tankar om seg sjølv og andre, og oppleve eigenverd
- Korleis stå opp for seg sjølv på ein god måte, ta initiativ, delteke og invitera andre i leik
- Turtaking og konfliktløysing

I Marihøna barnehage har vi utarbeida ein handlingsplan for inkluderande barnehagemiljø, der metodar for førebyggjande arbeid blir belyst og i tillegg står det beskrive prosedyrar for å stoppe og fylge opp krenking.

## 4.6 Samiske barn/ fokus på samisk kultur

**«Barnehagen skal bidra til at barna kan bli kjende med mangfaldet i sin eigen og andre sin kultur, og til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensle for heile det samiske mangfaldet.»** (Rammeplan for barnehagen s. 24)

I Marihøna barnehage ønsker vi å vise mangfaldet både i barnehagen og i samfunnet vårt.

I kvardagen vår, ønskjer vi å gje barna erfaring med den samiske kulturen, slik at dei har kjennskap til og får sjå verdien av den samiske kulturen.

Dette vil vi gjere gjennom å gje barna ulike sanseinntrykk som å sjå og fargelegge flagget, lytte til samisk musikk og joik, smake på tradisjonsrik mat og ha formgiving knytt til den samiske kulturen.

## 5.0 Barn si medverknad

**«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen.»** (Rammeplan for barnehagen s. 27)

Medverknad og medbestemming inneber at barna har rett til å påverke si eiga kvardag gjennom å ytre tankar, meininga og uttrykke førelsar og behov. Barna ska bli høyrd og teken på alvor. Barnas synspunkt blir vektlagt etter alder og mogning, og dei vaksne må vera på kopla slik at dei oppfattar barnas verbale og non verbale uttrykk. Dei minste barna uttrykker sine behov med ansiktsuttrykk og kroppsspråk, og dei vaksne må tolke dei ulike uttrykka barna visar og vera barnas stemme.

Barna har rett til å uttala seg, verte høyrd og sett, og verte møtt på ein anerkjennande måte. I Marihøna barnehage blir barna sett på som kompetente menneske. Barna skal oppleve at det å bidra i fellesskapet med eiga synspunkta bidrar til endring, som er viktig for å identitetsutvikling , å byggje ein sunn sjølvfølelse og føle eigenverd. Samstundes skal barna kunne lytte til andre, fremja si meining, men også tolke å verte sagt i mot. Barna skal erfara demokratiske avgjerder, der dei av og til får det slik dei vil, andre gongar må godta det fleirtalet ønskjer eller at dei vaksne må ta eit val.

## 6.0 Samarbeid barnehage- heim

**«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling... Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål.»**

(Rammeplan for barnehagen s. 29)

I Marihøna barnehage har vi fokus på å skape eit godt foreldresamarbeid. Vi bruker både uformelle og formelle arenaer for å sikre at foreldra får medverke i barnehagekvardagen. Igjennom daglege kontakten med foreldra, i hente og bringe situasjonen, skal kunne bygge gode relasjonar som skaper eit trygt miljø for barna. Det er viktig for barnet at vi som barnehage og foreldre skapar en felles forventing og tryggheit omkring barnets barnehagekvardag.

Dei formelle arenaene som foreldremøte, foreldresamtalar, brukarundersøkingar og foreldrekontaktane i SU, gjer barnehagen moglegheit til å få ut og innhente viktig informasjon frå foreldra. Det er viktig for oss i Marihøna barnehage å skape rom for at foreldra kan bruke sin kompetanse og engasjement på dei ulike områder for at vi saman kan skape ein god og innhaldsrik barnehage for alle barn.

Foreldra får tilbod om to foreldresamtalar pr. barnehageår, men kan ta kontakt med fleire om det er behov. Foreldra får også skriv med informasjon frå barnehagen kvar månad.

Dei kommunale barnehagane i Alver kommune nyttar Vigilo som kommunikasjonsverktøy i samarbeidet mellom barnehage og heim. I Vigilo kan foreldra melde fråvær, ferie, få info om barnet sin dag i barnehagen og sende meldingar til barnehagen. God dialog gjev meir effektive arbeidsdagar og meir tid til borna.

## **6.1 Foreldreråd og Samarbeidsutval**

**«Intensjonen med foreldreråd og samarbeidsutval er at desse ordningane skal gi høve til å vareta foreldra sin kontakt med barnehagen på ein aktiv måte. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal få inn saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen.»** (Rammeplanen s. 30)

**«Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet skal få inn saker som er viktige for innhaldet i og verksemda til barnehagen og for forholdet til foreldra.»** (Rammeplanen s. 30)

Alle foreldre med barn i Marihøna Barnehage, utgjer foreldrerådet vårt. På foreldremøtet om hausten vert det vald representantar til Samarbeidsutvalet – SU. Su består av 2 representantar frå foreldra, 2 frå personalet og ein person frå Alver kommune. Representantane vert vald for eit eller to år om gongen. Ein bør jobbe for ein kontinuitet slik at ikkje heile su vert bytte ut på ein gong. Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv på første møtet. Samarbeidsutvalet for Marihøna Barnehage 2023/2024 vert vald på foreldremøte september 23.

## **7.0 Overgangar**

**«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen... Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe... Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga... Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.»** (Rammeplanen s. 33)

For å få til gode rutinar og skape føreseielegheit, tryggleik og trivsel for barna, er det viktig å leggja til rette for gode overgangar. Alle barnehagane i Alver kommune, både kommunale og private, nyttar tre ulike overgangsskjema. Vi har eit skjema for overgangen mellom heim og barnehage, når barnet startar i barnehagen, eit skjema for overgang til ny avdeling eller ved skrifte mellom barnehagar, og eit skjema for overgang til skulen. Foreldra skal kjenna til, og ha moglegheit til å gje innspel til innhaldet i overgangsskjema. Dei skal også godkjenna at vi deler skjema med dei som skal ta i mot barnet på ny plass.

I Marihøna Barnehage ønskjer vi å skape ein god relasjon til foreldra. Vi tenkjer at det er ein føresetnad for at barna skal vere trygge i barnehagen. Alle foreldre med nye barn i

barnehagen får ein oppstartssamtale kort tid etter oppstart for å kunne tilpasse tilvenninga til barnet og familien på best mogeleg måte.

Siste året i barnehagen før skulestart deltar barna i førskulegruppe. Her har barna eigne prosjekt og aktivitetar. På våren samarbeider vi med skulen. Vi får besøk av ein skuleklasse, og deretter besøkjer vi skulen/skuleplassen. På våren fyller også barnehagen ut skjemaet *overgang barnehage- grunnskule i samarbeid med foreldra, og* har deretter overgangssamtalar med skulen.

## 8.0 Barnehagen som pedagogisk verksemd

**«Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunngitt i barnehagelova og rammeplanen.»** (Rammeplan for barnehagen s. 37)

### 8.1 Planlegging og vurdering

**«Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangpunkt for refleksjon og utvikling av verksemda.»** (Rammeplan for barnehagen s. 37)

**«Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen... Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i.»** (Rammeplan for barnehagen s. 38)

Vurderingsarbeid som vert gjort gjennom barnehageåret er viktig, for å sikre kvaliteten i barnehagen. Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon.

**Vurderingsarbeidet i Alver kommunale barnehagar, er delt inn i tre delar:**

#### Foreldrevurdering

Gjennom mellom anna kvardagsdialogen, samarbeidsutvalet, foreldresamtaler og brukarundersøkinga til UDIR får vi mykje kunnskap om arbeidet vi gjer. Dette er med på å sikre foreldra sin medverknad til verksemda.

### **Personalvurdering**

Vi planlegg, gjennomfører og evaluerer, og sikrar på den måten at vi heile tida er i utvikling. Vi legg vi til rette for refleksjon kring arbeidet vi gjer på avdelingane og i barnehagen, og vi nyttar rettleiing og medarbeidarsamtalar i arbeidet.

### **Barna si vurdering**

Borna si vurdering er viktig i forhold til arbeidet med borna si medverknad på eige barnehagekvardag. Vi nyttar barnesamtalar og spontane samtalar for å få kjennskap til barna sin trivsel og utvikling. Med dei yngste borna tolkar vi kroppsspråk og verbale ytringar, som kan fortelje oss kva barnet ynskjer og kva det trivast med å gjere.

I Marihøna barnehage betyr det at vi kontinuerleg jobbar med dei ulike planer og vurderingsarbeid opp mot foreldra, barna og dei tilsette sine erfaringar og synspunkt. Gjennom årsplan, månadsplanar og vekeplanar synleggjer vi dei ulike planer og vurderingar, laga på grunnlag av dei ulike vurderingskriteria skissert over.

## **8.2 Dokumentasjon**

**«Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.»** (Rammeplanen s. 39)

Gjennom å dokumentere ønsker vi å få fram ulike oppfatningar og opne for ein kritisk og reflekterande praksis. Det handlar da om å reflektere over barnehagens verdigrunnlag og oppgåver, samt barnehagen som arena for leik, læring og utvikling. Målet vårt er å synleggjere for foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemynde kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen vår. Vi dokumenterer ved å lage utstillingar av barnas arbeid, eller foto av barns leik eller aktivitet.

## **8.3 Barnehagen sin digitale praksis**

**«Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringer for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn.»** (Rammeplanen s. 44)

I Marihøna Barnehage nyttar personalet digitale verktøy i leik og læring saman med barna. Digitale verktøy skal brukast bevisst og ikkje dominere som arbeidsmåte. Barnehagen skal utøve digital dømmekraft og bidra til at barna utviklar ein begynnande etisk forståing knytt til digitale media.

I Marihøna Barnehage nyttar vi blant anna interaktiv tavle, digitale mikroskop og IPad. I tillegg har vi Blue - Bot som vi bruker i ulike aktivitetar for å gje barna erfaring med programmering, retning osv.

## 9.0 Barnehagens fagområde

**«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen... Leiken dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda.»** (Rammeplan for barnehagen, 2017)

Rammeplan for barnehagen definerer sju fagområde for barnehagen:

Kommunikasjon, språk og tekst

Kropp, rørsle, mat og helse

Kunst, kultur og kreativitet

Natur, miljø og teknologi

Etikk, religion og filosofi

Nærmiljø og samfunn

Mengd, rom og form

Kwart fagområde dekkjer eit vidt læringsfelt og vil sjeldan opptre aleine. I Alver sine kommunale barnehagar tenkjer vi tverrfagleg, både i kvardagsituasjonar og i pedagogiske opplegg. Gjennom å tenke heilskapleg trekker vi inn dei ulike fagområda i både formelle og uformelle læringssituasjonar. Leiken er for oss ein viktig inngong til å arbeide med dei ulike fagområda.

## 9.1. Satsingsområde 2023/2024

### Felles satsingar for kommunen

**«Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrde og delta.»** (Rammeplan for barnehagen s.8)

**«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på.»** (Rammeplan for barnehagen s. 9)

## Vaksenrolla barnehagen

Alver kommune har eit stort fokus på vaksenrolla i barnehagen, og å styrke barna sin sosiale kompetanse. I dette arbeidet bruker barnehagane ICDP, COS og DUÅ. Under avsnittet om barnehagen sine eigne satsingsområde finn ein ei kort beskriving av programma som Marihøna barnehage har vald å nytta.

## Språk og organisasjonsutvikling

I tillegg jobbar barnehagane i Alver med språk og organisasjonsutvikling som er nedfelt i ein felles utviklingsplan. Marihøna sitt arbeid med språk finn de under fagområdet 9.1 Kommunikasjon, tekst og språk under eigne satsingsområde. Organisasjonsutvikling er beskrive under barnehagen sine eigne satsingsområde.

## Barnehagen sine eigne satsingsområde


### ICDP

I Marihøna barnehage jobbar vi etter samspelsmetoden ICDP. ICDP står for International Child Development Program og handlar om å fremje barns psykososiale utvikling. Målsettinga med ICDP er å understøtte omsorgskompetanse hjå dei som har omsorg for barn som sin profesjon og kunne rettleie foreldre på ein god og tygg måte. Programmet er utvikla for å styrke relasjonen mellom barn og voksen og for å gje den vaksne det fulle ansvaret i dette arbeidet. ICDP har i botn tre overordna mål:

1. Å fremje den positive oppfatninga av og haldninga til barnet.
2. Å påverke den vaksne si forståing av koriktig samhandlinga mellom omsorgsgjevar og barnet er for barnets utvikling.
3. Å fremje omsorgsgjevars oppfatning av seg sjølv som kompetent og meistrande.

Dette er ei grunnhaldning hjå heile personalet som påverkar all samhandling med barna i barnehagen som i stor grad bidrar til ei god utvikling hjå barnet. [www.icdp.no](http://www.icdp.no)

Vi tar med oss kunnskapen frå utviklingsarbeidet med autoritative vaksne, frå førre barnehageår, i møte med barna.



## **Personalet sitt utviklingsarbeid – organisasjonsutvikling**

I Marihøna barnehage skal vi dette barnehageåret jobbe systematisk med *Trygt og godt barnehagemiljø*. Målet er å fremja eit trygt, godt og inkluderande barnehagemiljø ved å oppdage, undersøkje og førebyggje alle former for krenksar. Vi stoppar krenkingar og føl opp med eigna tiltak heilt til alle barna opplever eit trygt, godt og inkluderande miljø. Vi nyttar blant anna materiell frå Utdanningsdirektoratet på personalmøte og planleggingsdagar til å nå dette målet (<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/kompetansepakker/>).

Heile personalet i barnehagen deltek i tillegg på HelseArbeid, eit bedriftstiltak i samarbeid med NAV og Helse Bergen. Personalet får kunnskap frå fagpersonar om muskel-, skjelett- og psykiske plager, samt at vi har ein intern arbeidsprosess der vi jobbar med eit inkluderande arbeidsmiljø der tilsette kan vere i arbeid til tross for helseplager.

## **Språk**

*Tegn-til tale* er eit hjelpemiddel for å fremje og støtte kommunikasjon og språkutviklinga for barn. TTT er eit supplement og ikkje et alternativ til talen der målet alltid vil vere å utvikle talespråket. Ved bruk av *Tegn-til tale* forheldt vi oss til talespråk og til visuelle teikn. Vi kommuniserer med talespråk saman med kroppsspråk, mimikk, gestar og teikn. Det viktigaste argumentet for å bruke *Tegn-til tale* er at barna får eit tidleg samspel med andre. *Tegn-til tale* lettar kommunikasjonen med omverda. *Tegn-til tale* tydeleggjer og understrekar talespråket - den synleggjer talen. Teikna ein brukar er naturlege og kan ofte vere forståelege om ein ikkje er kjend med TTT frå før. Som tiltak for å fremje og støtte kommunikasjon og språkutvikling er bruk av TTT forholdsvis nytt. Det vart utvikla for barn med spesielle behov, men det har no vorte ein utvida praksis for å bruke teikn i det almennpedagogiske arbeidet i barnehagar (Torbjørnsen, Neteland, & Bugge, 2023)

[https://www.statped.no/globalassets/publikasjoner/tegn\\_til\\_tale.pdf](https://www.statped.no/globalassets/publikasjoner/tegn_til_tale.pdf)

Marihøna barnehage er blitt ein fleirspråkleg barnehage som vil fortsette å ha stort fokus på at alle skal få utvikle sitt språk. Vi ønskjer å bruke norsk med teiknstøtte (*Tegn til tale*) for å støtte opp om alle barnas verbalsspråklege utvikling. Det å bruke teikn til tale kan vere ein ressurs for alle barn, anten dei har forsinka språkutvikling, er for små til å ha utvikla verbalspråket enno eller er minoritetsspråklege. Det er viktig for barna å kunne kommunisere med andre for å kjenne at dei høyrer til i fellesskapet og at dei kan medverke.

Ved systematisk bruk av bøker til høgtlesing og samtale ønskjer vi å skape leseglede både i planlagde og spontane situasjoner. Det å lese bøker er ein god måte å stimulere språket på. Det aukar språkforståinga og ordforrådet, samt gir felles kulturelle referansar.

Barnehagen brukar song, rim og regler bevisst for å fremme språkutviklinga. I musikken er det rytme, språklyda og struktur som er viktige element for å utvikle eit godt språk. Musikk kan og vere eit felles språk i barnehagen vår med mange nasjonalitetar og kulturar. Å synge songar kan bidra til å auke barna sitt ordforråd.

## 9.2 Kommunikasjon, språk og tekst

Mål:	Metodar:
Sikre barnas omgrepssforståing og bygge på omgrepssinnholdet	Bruk av bildestøtte og Norsk med teiknstøtte Vi sett ord på- og namngje Bruker konkretar aktivt Litteratur, song, rim og reglar Språksprell
Alle barn si stemme skal bli høyrd og tatt på alvor. Barna skal få delta aktivt i samtale og dialog med vaksne og andre barn.	Samlingstundar Gode samtaler Barnegruppa inndelt i mindre grupper Lyttande og aktive vaksne Vaksne i tett samspel og i gode samtaler med barna Relasjonskartlegging
Alle barn skal lære å uttrykkje seg verbalt og kroppsleg. Dei skal få utvikle språklege kompetanse knytt til leik	Vaksne som deltar aktivt som støtte i lek Drama Bevisstheit knytt ulike måtar å uttrykkje seg på.
Spreie leselyst og lese glede til barna	Tilgjengelege bøker ved avdelingane Høgtlesing og forteljing Bilde- peikebøker Lydbøker Språkløype Bevisstheit rundt val av litteratur Tema-/prosjektarbeid
Sikre barna eit best mogleg språkleg utgangspunkt før	Årsplan for arbeidet i førskulegruppa

skulestart	
Problemløysing Utvikling av godt språk for følelsar og utvikling av Sjølvregulerings ferdigheiter.	Hele meg Steg for steg Cos og ICDP.
Fange opp mangler/vanskar i enkeltbarn sin språkutvikling	Vaksne i tett samspel- og gode samtalar med barn TRAS - <b>Tidlig Registrering Av Språkutvikling</b>

### 9.3 Kropp, rørsle, mat og helse

Mål:	Metodar:
Kjennskap til egen kropp og helse	Vi jobbar aktivt med «Hele meg» i Marihøna barnehage.
Lære å sette grenser for egen kropp.	Fokus på turar i skog og mark lagt opp slik at alle skal oppleve meistring og utvikling. Hinderløyper ute og inne. Sansemotoriske aktivitetar, ute og inne.
Utvikle både fin- og grov motoriske ferdigheter	Få øve seg på å sette grenser for seg sjølv i leik, ta omsyn til andre sine grenser.
Oppleve og beherske risikofylt leik og kroppslege utfordringar	Leggje til rette for at barna kan prøve ut eigne og andre grenser i kroppsleg leik i trygge rammer.
Barna skal få erfaringar med ulik mat og matens innverknad på kropp og sinn.	Måltid med fokus på eit sundt kosthald. Samtale rundt maten vi et og korleis den påverkar kroppen vår. Delta i matlaging i barnehagen, samt å smake på ny mat som kan skape sunne og varierte matvanar.

## 9.4 Kunst, kultur og kreativitet

Mål:	Metodar:
Gi rom for barna sin kreativitet og skaparglede.	Teikning, maling, perle, klipping, liming, vaving, sløyd m.m. Tilgjengeleg formingsmateriell. Jule- og påskeaktiviteter Musikk, dans og dramatisering.
Barna skal bli kjend med barnehagen sitt nærmiljø.	Turar i nærmiljøet, skulebesøk, Gardsbesøk, brannvernveke.
Barna skal kjenne til Samane og samisk kultur.	Integrering av samisk kultur gjennom heile året
Barna skal ha kunnskap om dei ulike land/kulturar som er representert i barnegruppa	Samtaler Samlingsstunder Songar, teljing, flagg m.m. Eventyr og forteljingar. Foreldremedverknad

## 9.5 Natur, miljø og teknologi

Mål:	Metodar:
Gi barna gode naturopplewingar.	Turar tilpassa barna sine utviklingsnivå. Aktive vaksne, som legg til rette for gode turopplewingar. Turar i fjæra/ skogen/ fjellet
Gi barna gode haldningar og ei gryande forståing for samspelet mellom natur og menneske.	Kjeldesortering og gjenbruk Kompostering av matavfall/ Bokashi Formelle/ uformelle Samtalar - Samlingsstunder Ryddeaksjonar
Barna skal utvikle respekt for plantar, dyr og naturen kring oss.	Gi rom for undring. Gardsbesøk under lamminga i mai. Ruge fram kyllingar «Frå jord til bord» prosjekt. Kjøkkenhagen
Skape forskartrong	Ulike forsøk. Tilgjengeleg utstyr. Vi stiller spørsmål og undrar oss saman med barna

## 9.6 Mengd, rom og form

Mål:	Metodar:
Gi barna kunnskap om tal og teljing.	Ta i bruk pedagogiske verktøy som mattekassen og mattemeisen. Bruke teljing i formelle læringsituasjonar som under samlingar, på tur og under tema-arbeid. Bruk av teljing i kvardagssituasjonar som under påkledning eller ved dekking av bordet.
Gi barna kjennskap om plassering.	Vi øver på preposisjonar: under, oppå, ved sida av.
Gi barna kjennskap om til omgrep som tid, mål, storleik og vekt.	Vi undrar oss saman med barna. Kva Stein er tyngst? Kor lenge er 1 time? Vi måler høgda på barna og ser på ulike skostørrelsar. Matlagning Spel og bruk av terningar.
Gi barna kjennskap til ulike former som trekant, firkant og sirkel.	Bruk av spill og aktivitetar med former. På jakt etter ulike former i naturen/inne. Finmotoriske aktivitetar, teikne, fargelegge, lime.
Barna skal få erfaring med sortering og samanlikning ut ifrå ulike kategoriar.	Vi sorterer leikar når vi ryddar. Konstruksjonsleik med lego, perler, modellkitt og liknande.
Gi barna forståing av at tal nyttast på mange måtar og i ulike samanhengar.	Tal som tal og mengde. Tal som nummer i ei rekkefølge. Tal som namn.

## 9.7 Etikk, religion og filosofi

Mål:	Metodar:
Barna skal utvikle respekt og toleranse for andre og få ein begynnande forståing av verdien likskap og ulikskap i ei gruppe	«Hele meg» «Steg for steg» «Inkluderande barnehagemiljø» Fokus på at vi både er like og ulike og at det er fint.
Barna skal få kjennskap til verdiar frå den kristen og humanistisk arv og tradisjon	Bli kjend med ulike høgtider og tradisjonar som til dømes jul, påske.
Barna skal få kjennskap til ulike religionar og livssyn som er representert i barnehagen	Bli kjend med andre religiøse høgtider
Barna skal få mogelegheit til å undre seg over	Vaksne som tek barns spørsmål på alvor ved at barna sjølv får reflektere utan å gi eit fasitsvar. Bruke kvardagssituasjonar som samlingsstund, måltid og tur til å samtale og undre seg.

## 9.8 Nærmiljø og samfunn

Mål:	Metodar:
Gi barna kjennskap til nærmiljøet og nærmiljøets historie.	Turar Gardsbesøk
Gi innsikt i korleis barn i andre land lever.	Få kjennskap til dei ulike nasjonalitetene som er representert i barnehagen.
Gi barna kjennskap til grunnleggjande brannvern.	Brannvernveka på hausten. Brannøving Brannbamsen Bjørnis
Barna skal være kjent med det lokale biblioteket.	Besøk på biblioteket. Besøke bokbussen og lese bøkene frå bok-kassen.
Være eit samlingspunkt for foreldre og barn.	Arrangement for foreldra i barnehagen. Besteforeldretreff og sommarfest
Ha jamleg kontakt med sjukeheimen sitt dagsenter.	Besøke sjukeheimen Invitere Dagsenteret på besøk

## 11.0 Progresjonsplan

«Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehage - innhaldet, og barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høye til leik, aktivitetar og læring.» (Rammeplanen s. 44)

Fagområde/alder	0-2 år	3-4 år	5-6 år
<b>Kunst, kultur og kreativitet</b>	<p>Samtale og syngje om det ein ser og opplever.</p> <p>Bruk av rørslesongar.</p> <p>Lære barnesongar med rørsle og teikn.</p> <p>Få erfaring med ulike materialar.</p> <p>Bruke sanseintrykk; lytte, føle, sjå, lukte.</p> <p>Tekne, male og lime.</p> <p>Kjennskap til primærfarger og blanding av disse.</p> <p>Få erfaring med rytmearkumenta.</p> <p>Møte ulike biletbøker.</p> <p>Enkle eventyr.</p>	<p>Songar med fleire vers og handling.</p> <p>Lære enkle dansar.</p> <p>Lære barnesongar med rørsle og teikn.</p> <p>Bruke ulike reiskapar, som blyant, saks, pensel, verktøy og kniv.</p> <p>Fokus på kjensler, i bruk av kreative uttrykk.</p> <p>Leikeskriving.</p> <p>Øve på riktig blyantgrep.</p> <p>Fargelegging</p> <p>Kjennskap til primærfargene og blanding av farger.</p> <p>Kjennskap til rytmearkument</p> <p>Dramatisere kjente eventyr.</p>	<p>Songleikar</p> <p>Øve på <i>Blime</i> dansen</p> <p>Lære barnesongar med rørsle og teikn.</p> <p>Vera med å finne fram ulike materiale for å skape eit produkt.</p> <p>Øve på bokstavar.</p> <p>Øve på riktig grep på blyanten.</p> <p>Fargelegging innafor strekane.</p> <p>Strek-til-strek teikning.</p> <p>Kunne bruke rytmearkumenta.</p> <p>Delta i enkle skodespel og øve seg i å opptre for eit publikum.</p> <p>Lage og prøve ut skuggeteater/dokketeater.</p>
<b>Natur, miljø og teknologi</b>	<p>Skape interesser for planter og dyr.</p> <p>Kjennskap til dyrelydar.</p> <p>Bli kjend og namngje ulike artar innanfor barnehagens uteområde</p> <p>Oppleve rugeegg</p> <p>Begynnande kjennskap til kjeldesortering/bokashi</p> <p>Frø blir til plante</p>	<p>Kjennskap til dyr, planter og insekt.</p> <p>Kjennskap til dei ulike årstidene.</p> <p>Bli kjend og namngje ulike artar i barnehagens nærmiljø</p> <p>Oppleve ruging av egg</p> <p>Kjennskap til kjeldesortering/bokashi</p> <p>Erfaring med å så- og hauste ulike grønsaker.</p> <p>Matlaging med eigeproduserte</p>	<p>Kunne namn på de mest kjende dyra, blomstra, planter, insekta, fuglar og fisk.</p> <p>Bli kjend og namngje ulike artar i barnehagens nærmiljø</p> <p>Enkel geografi</p> <p>Kjennskap til kart og land.</p> <p>Frå egg til kylling</p> <p>Kjennskap til kjeldesortering/bokashi</p> <p>Så og hauste grønsaker.</p> <p>Plukke frukt og bær</p>

	<p>Enkle forsøk Kjennskap til ulike kroppsdelar.</p> <p>Begynnande kjennskap til bruk av I-pad og interaktiv tavle.</p>	<p>matvarer. Enkle fysikkforsøk. Omgrep om kroppen Kjennskap til bruk av digitale verktøy, som I-pad, digital tavle, fotoapparat og digitalt mikroskop.</p>	<p>Grunnleggjande forståing for korleis sunn mat gir grunnlag for god helse. Ulike forsøk Hele meg God kjennskap til bruk av digitale verktøy.</p>
Fagområde/alder	0-2 år	3-4 år	5-6 år
<b>Nærmiljø og samfunn</b>	<p>Bli kjend med barnehagen, inne og ute. Turar i nærmiljøet.</p> <p>Kroppsleg aktivitet både ute og inne.</p> <p>Høyra songar om landet vårt.</p> <p>Bli kjend med dei ulike husdyra vi har via historier, songar, biletar og på tur.</p>	<p>Lengre turar i nærmiljøet. Bli kjend med ulike stader i nærmiljøet.</p> <p>Innføring i enkle trafikkrègler. Finne vegen tilbake.</p> <p>Syng songar om landet vårt.</p> <p>Kjennskap til dei ulike husdyra som lever på gardane i Meland.</p> <p>Kjennskap til sjukeheimen og biblioteket i Alver.</p>	<p>Lengre turar i nærmiljøet. Bli kjend med historia til nærmiljøet.</p> <p>God kjennskap til trafikkrègler og korleis vi opptrer i trafikken. Finne vegen tilbake.</p> <p>Bli kjend med songar om landet vårt, og dei som har skrive songane.</p> <p>Kjennskap til den lokale skulen og skulen sitt leikeområde.</p> <p>Kjennskap til dei ulike husdyra og kva nytte dei gjer.</p> <p>Kjennskap til sjukeheimen og biblioteket i Alver.</p>
<b>Kommunikasjon, språk og tekst</b>	<p>Mimikk og ansiktsuttrykk.</p> <p>Rim og reglar, songar med rørsle.</p> <p>Konkret materiell for å styrke språket.</p> <p>Biletbøker og enkle forteljingar.</p> <p>Bli kjent med enkel bruk av «teikn til tale».</p>	<p>Rollelek.</p> <p>Leik med språk, rim og reglar.</p> <p>Overomgrep og leike-skriving.</p> <p>Felles opplevingar og gode samtalar, både før og etter.</p> <p>Bli kjent med enkel bruk av «teikn til tale»</p>	<p>Rollelek.</p> <p>Tekstskaping, bokstaver.</p> <p>Skape interesse for skulen og det som skjer der.</p> <p>Tal og teljing</p> <p>Regelleikar.</p> <p>Bli kjent med enkel bruk av «teikn til tale»</p> <p>Rytmen i språket</p>

	<p>Bruk av verktøyet Babblarna.</p>	<p>Språkleikar, eventyr, faktabøker, rim og reglar, spel.</p> <p>Ta barna med på planlegging og vurdering.</p> <p>Opne opp for nysgjerrigkeit rundt bokstavar og skriving.</p> <p>Språkstimulerande materiell</p>	<p>Vitsar og gåter.</p> <p>Dramatisering.</p>
<b>Mengd, rom og form</b>	<p>Telle til tre.</p> <p>Sansemotoriske aktivitetar.</p> <p>Puttekasser, bygging med klossar og duplo.</p> <p>Rim og reglar.</p> <p>Enkle eksperimenter.</p> <p>Enkle formar.</p> <p>Puslespel.</p> <p>Enkle preposisjonar.</p> <p>Barna får delta i måling og matlaging.</p> <p>Song om vekedagane.</p> <p>Omgrep: Stor og liten.</p> <p>Omgrep: Lett og tung.</p> <p>Leik og sortering med små og store sko.</p>	<p>Telle til ti, kjennskap til tala. Peiketelje.</p> <p>Konstruksjonsleikar.</p> <p>Rim og regler</p> <p>Eksperimenter.</p> <p>Sortere, kunne namn på former.</p> <p>Puslespel/spel</p> <p>Kjenne til omgrep som: over/under, bak/føre, liten/stor, låg/høg, høgre/venstre.</p> <p>Barna får delta i måling og matlaging.</p> <p>Dag, dato, månad, tid.</p> <p>Kunnskap om storleik: størst, mellomst og minst/lang og kort/høy og lav.</p> <p>Kjennskap til mål/ vekt.</p>	<p>Kunne mengder opp til ti. Ha høve til å telje til tre på ulike språk.</p> <p>Tal i ulike formar: Tal som tal/mengde (Kardinaltal), Tal som nummer i ein rekjkjefølgje (Ordinaltal), tal som namn.</p> <p>Konstruksjonsleikar.</p> <p>Rim og regler</p> <p>Eksperimenter.</p> <p>Kjennskap til geometriske former.</p> <p>Spele terning-/brett spel. Regelleik.</p> <p>Forstå preposisjonar; over, under, ved sida av.</p> <p>Barna får delta i måling og matlaging.</p> <p>Læra månader og vekedagar i rekjkjefølgje.</p> <p>Stor og liten bokstav. Skrive eige namn.</p> <p>Få innblikk i likevekt.</p>

	<p>La barna bli kjent med mattekassen</p>	<p>Vi ser på ulike skostørrelsar og måler høgdene våre.</p> <p>Mattekassen Mattemeisen</p>	<p>Vi ser på ulike skostørrelsar. Sorterer etter størrelse, og måler høgdene våre.</p> <p>Søylediagram.</p> <p>Mattekassen Mattemeisen</p>
<b>Fagområde/alder</b>	<b>0-2 år</b>	<b>3-4 år</b>	<b>5-6 år</b>
<b>Kropp, rørsle, mat og helse</b>	<p>Korte turar.</p> <p>Kroppskontakt/nærleik Kjenne att namn på kroppsdelar. Omsorg. Ro og kvile. Nye smaksopplevelingar. Få erfaring med å bake og matlaging.</p> <p>Rørsle til musikk. Enkle songleikar Sansing gjennom kropp og rørsle.</p> <p>Påkledning.</p> <p>Leik med vann.</p>	<p>Faste turdagar. Allsidige turar i ulendt terrengr. Delta i planlegging av turar.</p> <p>Lære seg namn på kroppsdelar.</p> <p>Bake/matlaging.</p> <p>Songleikar. Hoppe, løpa, rulle, krype og klatre. Øve på å hinke</p> <p>Meistre å kle på seg sjølve.</p> <p>Lære seg å handtera kniv (spikking).</p>	<p>Faste turdagar Lengre turar i ulendt terrengr. Tur på skuleveg.</p> <p>Lære om kroppens indre organ/funksjonar. Lære om menneskekroppen og få forståing av sundt kosthald.</p> <p>Songleikar Hinke.</p> <p>Vera med å avgjere kler etter vær.</p> <p>Begynnande forståing på blyantgrep.</p>
<b>Etikk, religion og filosofi</b>	<p>Lære korleis vi er mot kvarandre.</p> <p>Markering av høgtidar. Adventsamling etter alder og utvikling.</p> <p>Enkle bildebøker.</p>	<p>Vi øver på empati Konfliktløysing.</p> <p>Lucia feiring Adventsamling</p> <p>Innblikk i kulturar/land som er representert i barne- og personalgruppa. Bøker med bilet og enkle tekstar.</p>	<p>Setje ord på følelsar. Dramatisering/rollespel med problemstillingar innafor sosial kompetanse.</p> <p>Adventsamling med dramatisering av juleevangeliet Innblikk i andre land/kulturar og aktuelle høgtidar innafor disse.</p>

## 12.0 Årshjul for barnehagen

MÅNAD	AKTIVITET
August	15 og 16 aug. planleggingsdagar. Barnehagen er stengt.
September	Brannvernveka Reinhand - prosjekt Foreldremøte BlimE - venskaps kampanje.
Oktober	Foreldresamtaler Veke 41- Haustferie på skulen.
November	3.11 Planleggingsdag, barnehagen stengt. Foreldreundersøking.
Desember	Lucia markering 13 desember Nissefest for barna Advent og jul
Januar	Barnesamtalar Fokus på eventyr
Februar	Karneval og fastelavn 02.02 planleggingsdag, barnehagen stengt Samefolketsdag markerast
Mars	Barnehagedagen Rockesokk 21.3 Veke 9 Vinterferie på skulen
April	Påskestengt 28.3 – 1.4. Stenger kl. 12 onsdag 27.3 Tilbod om foreldresamtaler Skuleførebuande aktivitetar for førskulebarna Påske
Mai	17-mai tog med song på sjukeheimen Sykkeldag Planleggingsdag 10 mai, barnehagen stengt.
Juni	Sommarfest Utflykt som avslutning for førskulebarna.